

Vi viser til invitasjon til å komme med innspel om korleis NRK bidreg til mediemangfaldet i Noreg.

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for nynorsk, dialekt og samisk i mediebiletet. Organisasjonen vart skipa i 1955. Vi har følgjande innspel til arbeidet med rapporten:

Kravet om minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer hjå NRK har vore og er framleis eit svært viktig verkemiddel. Når NRK oppfyller dette kravet – noko dei har vore nær å greie i fleire år –, opnar dei for eit større mangfald og gjer det enklare for dei små og mellomstore redaksjonane å nytte nynorsk.

Verksemda til NRK Nynorsk mediesenter er òg eit heilt sentralt verkemiddel. Gjennom meir enn to tiår har dei utdanna godt over 200 nynorskjournalistar. Denne praktikantordninga er sjølvsagt viktig for NRK, men òg for utdanning og rekruttering til andre redaksjonar, både nasjonalt og lokalt. Når journalistutdanningane ved høgskulane og universiteta ikkje dekkjer behovet sjølve, er det heilt avgjerande at NRK er med og dreg lasset.

Kringkastingsringen legg difor særleg vekt på at midlane til mediesenteret blir haldne oppe og helst styrkte, slik at alt det gode arbeidet der har trygge og føreseielege vilkår frametter.

Vi ønskjer lykke til med rapportarbeidet.

Beste helsing
Kringkastingsringen

Jógvan Helge Gardar
styreleiar

Aksel Torsnes Mehlum
dagleg leiar